

2
 Bilag VI

21/11 - 44.

Til N S lagfører Oddvar P. Aukrust.

Har faatt brev av 17 ds. og ser at det skal verta pakkesentral her.

Da eg har sikkert nokk aa gjera støtt, og serleg ved kvart maanadsskifte er heilt overlest, maa eg seia fraa at eg ikkje kan ta paa meg dette, og heilikkje andre verv i partie som det fylgje nemnande arbeid med.

Skal berre nemna noko av det som maa gjerast til kvart einaste maanadsskifte, og so kjem dertil større oppgjer til kvart kvartalskifte: Det vanlege oppgjer med merketelling og lageroppgave, samt sknad for neste maanad. Dette gjell di vanlege rasjonerte varor.

So kjem serskilt oppgjer med utfylling av 4 skjema over skosalg og skolager til kvar maanad. Naar me so fer gjort det meste av dette den dagen som er stengt, so har eg avslutningen av mine egne regnskap, og oppgjer med oppgave over umsetningskatten. So maa ein faa tak i anvisningane i forsyningen og faa desse avste so fort raad er, da dette er mykje um aa gjera so ein ikkje vert imillom for di rasjonerte varor, og alle anvisningo maa sendast i rekommendert brev. Til dette kjem so alt arbeid med varor som det er serskilt rasjonerigg paa. Dette er noko som ~~maa gjera~~ av det som maa gjerast, og paa dagen. Dertil kjem, at der ser ut til aa bli ikkje saa lite aa gjera med den nye jobben eg har faatt som formann i Skouf.

Eg vonar at du etter dette forstår, at det er heilturaad for meg og greie med pakkorne til frontkjemparane sjelv um viljen ~~XXX~~ er god.

God jul. Heil og Sel

[The following text is extremely faint and appears to be a mirrored or bleed-through image of another document. It is largely illegible but seems to contain several paragraphs of text.]